



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46  
Stein Byrkjeland, 55 57 21 14 / 900 93 615

Vår dato  
30.07.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/3574  
Dykkar referanse

Adresseliste

## Herdla naturreservat med kringliggende fuglelivsfreding

Oppstart av verneplanarbeid - revisjon av vernereglar  
Frist for innspel 15. oktober 2014

---

Fylkesmannen i Hordaland melder formell oppstart av verneplanarbeid for Herdla naturreservat med kringliggende fuglelivsfreding. Sidan området vart verna i 1985 har bruken av reservatet endra seg slik at det er naudsynt med revisjon av dei gamle vernereglane. Det ligg føre eit utkast til forvaltingsplan for Herdla naturreservat (2010), men dette dokumentet har aldri vore sendt til høyring sjølv om mange nok er kjende med innhaldet. Planarbeidet det no vert meldt oppstart om er stort sett i samsvar med nemnde utkast, men vil bli oppdatert og redigert på nokre område.

Vi ser mellom anna for oss å gjere om eksisterande fuglelivsfredingsområde til naturreservat, med verneforskrift som er i tråd med dagens situasjon. I tillegg kan det bli aktuelt å avgrense nokre aktivitetar som skapar unødig forstyrning for fuglelivet. Vi foreslår òg ei mindre utviding av området i nord, medan vi utelet ein del av Lamøysundet i sør. Visjonen er å betre kåra for fuglane i området, samstundes som den særmerkte naturen her vert gjort tilgjengeleg for naturinteresserte turgåarar og andre brukarar, utan at dette er til ulempe for eksisterande landbruk.

**Frist for innspel til oppstartsmeldinga er 15. oktober 2014.**

---

### Regionalt viktig våtmarksområde

Herdla har lenge vore rekna som ein av dei viktigaste lokalitetane for fuglelivet i Hordaland. Som rasteplass for trekkande vadefugl og overvintringslokalitet for sjøfugl er området heilt klart det aller viktigaste. Over 240 ulike fugleartar er over tid registrerte på Herdla, om lag halvparten av alle fugleartar som nokon gong er registrerte i Noreg. Dette er unikt i Hordaland.

Funksjonen som rasteplass for trekkande fuglar langs kysten er svært viktig sidan dette er den einaste lokaliteten mellom Jæren og Vigra med tilsvarande naturkvalitetar. Til skilnad frå resten av kystlinja i regionen, som er dominert av klippekyst og hardt fjell, er Herdla eit moreneområde med mykje lausmassar. Førekomsten av sandstrender og andre langgrunne

strender er Herdla sitt største særpreg i regional samanheng. Ei fjæresone med stort areal er attraktivt for trekkande vadefugl, gravand, tjeld og måsar som hekkar ved Herdla. Det grunne havområdet kring Herdlevalen har uvanleg høg variasjon og tettleik av marine botndyr. Størsteparten av dei marine nærområda til Herdla er under 10 meter djupe, noko som gjer dei særst attraktive for dykkande fugleartar. I internasjonal samanheng er ikkje desse områda spesielt store, men i regional samanheng er det lite som liknar.

### **Vernereglane er «utdaterte»**

Herdla naturreservat med kringliggjande fuglelivsfredingsområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 28. juni 1985, men området hadde då vore mellombels verna etter naturvernlova sidan 11. juni 1980. Det mellombelse vernet var eit hastevedtak, framskunda for å redde eit viktig fugleområde frå å gå tapt.

Løysinga som blei valt i 1980 var eit naturreservat som omfatta Herdlevalen til eit stykke ut i sjøen på nordsida, omslutta av eit større fuglelivsfredingsområde. Etter over tretti år som verneområde har det pressa seg fram eit behov for revidering av den gjeldande verneforskrifta, og det er naudsynt å sjå om det er mogleg å få til meir tidsmessige løysingar.

### **Naturtilstanden på Herdleflaket har betra seg vesentleg**

Fram til 1990 vart det gjort stort opptak av sand på Herdleflaket, noko som gjekk hardt ut over fuglebestandane på Herdla. Naturtilstanden på Herdleflaket har betra seg markant sidan opptaket vart stoppa, og det marine naturmiljøet er rekna for å vere naturleg restaurert. Sidan den tid har fuglebestandane tatt seg opp og det er naturleg å diskutere om naturmiljøet bør underleggast eit sterkare vern for å reflektere dei auka naturverdiane Herdla her representerer. Den todelte ordninga med eit lite reservat og eit omliggande fuglelivsfredingsområde med ulike reglar gjev ikkje tilstrekkeleg med virkemiddel til å drive aktiv skjøtsel og forvaltning. Det er grunn til å tru at området kan verte endå betre for fuglelivet med oppdaterte ferdslereglar, gode skjøtselstiltak og målretta biotoprestaureringstiltak. Fleire slike tiltak er gjennomført på Herdla dei seinare åra, med uvanleg gode resultat. Reetablering av ferskvassvåtmark på Herdlevalen er eit døme på dette.

### **Forsvaret har ikkje lenger nærvær på Herdla**

Herdla har lenge vore ein plass med høgt militært nærvær. Dette toppa seg under 2. verdskrig då okkupasjonsmakta etablerte base med flystripe og eit stort tal byggverk på øya. Spora etter denne perioden er tydelege og det finst mange krigsminne på øya. Etter krigen overtok det norske forsvaret mykje av infrastrukturen på Herdla og dreiv det som eit moderne forsvarsverk fram til dei selde unna eigedomane tilhøyrande Herdla fort i 2004. Desse vart då kjøpt opp av Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) og Askøy kommune.

Forsvaret sitt nærvær på Herdla då verneområdet vart etablert er tydelig avspegla i dagens verneforskrift, som har opning for aktivitetar som var viktige for Forsvaret den gongen. I tillegg gjev vernereglane tilgang til vedlikehald og bruk av flystripa på Herdlevalen. Dette samsvarer ikkje med situasjonen i dag og desse reglane bør ut av forskrifta.

### **Nye brukargrupper og styring av ferdsel**

Sidan 1980 har måten vi driv friluftsliv på endra seg, og det er fleire nye former for aktivitet i reservatet som ikkje var vanlege då. Brettsegling og kajakkpadling er døme på aktivitetar som ikkje er fanga opp av vernereglane, men som kan påverke fuglelivet på Herdla negativt. Ei justering av vernereglane er naudsynt for å møte dagens realiteter.

Fylkesmannen har dei siste åra arbeidd med oppføring av eit kombinert fugleobservasjonshus og pumpehus på Herdlevaen. Herdla er svært mykje besøkt av ulike brukargrupper og vår vurdering er at det er behov for betre styring av ferdsle, spesielt i området rundt Prestvika og dei nye ferskvassvåtmarkene. Intensjonen var at eit fugleobservasjonstårn skulle bidra til å styre ferdsle vekk frå dei mest sårbare områda ved å tilby turgåarar og publikum elles ein plass med godt utsyn til fuglelivet. Dessverre ser det ut til at det kan bli vanskeleg å reise eit slikt tårn med dei krav som vert satt til slike byggverk i dag, innanfor den økonomiske ramma vi har til rådvelde. Arbeidet med å realisere eit fugleobservasjonstårn på Herdla er framleis høgt prioritert, men realismen kan tilseie at midlane som er sett av til dette føremålet på Herdla kan bli trekt tilbake og i staden nytta til eit liknande føremål i eit verneområde ein annan stad i landet. I så fall må vi utvikle ein annan strategi for å styre ferdsle i kjerneområdet for fuglane på Herdla. Det er viktig at folk som nyttar Herdlevaen til turgåing og rekreasjon framleis skal ha godt høve til dette, men dette kan ikkje vere til ulempe for fuglelivet her i uakseptabel grad.

### **Askøybrua har gjort Herdla tilgjengeleg**

Då Askøybrua opna i 1992 vart Askøy og Herdla mykje lettare tilgjengeleg for befolkninga i Bergen og omland. Besøket på Herdla er langt høgare i dag enn det var på vernetidspunktet, og det er grunn til å forvente at dette vert enda høgare når Herdla Fort er omgjort til eit funksjonelt friluftsområde. Den store trafikken i området er ei av dei største utfordringane for forvaltning av verneområdet. Det er ønskjeleg med ei betre styring av ferdsel for å skjerme fuglelivet frå unødige forstyrring. Med opninga av friluftsområdet blir nye delar av Herdla tilgjengeleg for publikum og kan vere eit alternativ for ein del av dei som nyttar Herdlevaen i dag.

### **Framande artar**

På Herdla er utfordringane knytt til framande artar lett synlege. Ein kan ofte sjå store flokkar med beitande kanadagås på Herdlevaen, noko som har forårsaka omfattande avlingstap for bonden. Vidare har dei kringliggande holmane, som i dag er ein del av fuglelivsfredingsområdet gradvis grodd att etter tidlegare skogplanting. Fleire av desse holmane har godt potensial som hekkeplass for fugl, men ikkje i den tilstand dei har i dag. Om ein fjernar bergfuru, vrifuru og sitkagran kan holmane bli velegna hekkeplassar for mange artar og dermed auke verdien på Herdla som fuglelokalitet.

### **Oppstart av verneplanarbeid**

Fylkesmannen i Hordaland melder med dette oppstart av arbeid med revisjon av vernereglar og vernekart for Herdla naturreservat. Vi ønskjer at heile området skal få status som naturreservat og at den todelte løysinga med naturreservat og fuglelivsfreding blir oppheva. Ny forskrift skal ta høgde for dei utfordringane som er til stades i reservatet i dag og luke ut reglar for aktivitetar som ikkje er aktuelle lenger.

Vi føreslår ei utviding av verneområdet til å inkludere heile Agnøyane nord for Herdla, med unnatak av ei mindre hyttetomt her. Dette fordi øyane har potensial som hekkeplass for sjøfugl dersom skogen på øyane blir fjerna som eit skjøtselstiltak. Denne arealutvidinga vil ikkje få konsekvensar for den planlagde alternative siglingsleia til Bergen, som Kystverket no arbeidar med. Ein del av Lamøysundet i sør blir føreslått teke ut av verneområdet. Sjå vedlagt vernekart.

Det er tidlegare laga eit utkast til forvaltingsplan for Herdla naturreservat (2010). I dette dokumentet vart revisjon av verneforskrifta teke opp som eit prioritert tiltak, men av reint formelle grunnar vart dokumentet aldri sendt til høyring. Arbeidet med ny verneforskrift og forvaltingsplan blir no skilt i to ulike dokument. Det faktiske innhaldet er langt på veg det same, men oppdatert i høve til ei rekkje forvaltnings- og skjøtselstiltak som har funne stad dei siste åra.

Vi inviterer til ope informasjonsmøte om denne prosessen på Herdla Museum onsdag **17. september 2014 kl 1930**. Her vil representantar frå Fylkesmannen vere til stades og orientere.

For at all relevant informasjon skal kome fram ønskjer vi innspel til oppstartsmeldinga innan **15. oktober 2014**. Når fristen er ute vil vi gå gjennom innkomne merknader og utarbeide forslag til vernereglar og vernekart.

Innspel kan sendast inn via skjema på vår nettstad, til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) eller med vanleg postgang: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen. Sakshandsamarane kan kontaktast direkte ved spørsmål som treng å utdjupast.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.  
ass. miljøvernsjef

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Adresseliste:**

Askøy kommune  
Meland kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Kystverket  
Fiskeridirektoratet  
Havforskningsinstituttet  
Forsvaret  
Herdla gård  
Herdla Museum  
Bergen og omland friluftsråd  
Naturvernforbundet Hordaland  
Norsk Ornitologisk Forening Hordaland  
Norges Miljøvernforbund  
Bergen brettseilerforening  
Norges Bondelag  
Norges bonde- og småbrukarlag